

# Årsmelding Time sokn 2025



*Foto: Vegard Hanssen*



*Foto: Frode Skårland*



# DEN NORSKE KYRKJA

Time sokneråd

## Innhald

Årsmelding Time sokn 2025.....	1
Årsmelding for Time sokneråd .....	3
Årsmelding for kyrkjeleg undervisning og læring .....	7
Årsmelding for diakoniarbeidet i Time .....	9
Lye søndagsskule.....	12
Årsmelding Time søndagsskule 2025 .....	12
Varden .....	13
Varden 10/13 .....	14
Årsmelding Lye Barnegospel.....	15
Årsmelding 2025 TT-koret .....	15
Troens menn.....	16
Årsmelding strikkekafé .....	16
Årsmelding – Felles Mannskveld.....	17
Fredagskveld på Kyrkjetorget .....	18
Årsmelding puslespeltreff 2025.....	19
Årsmelding for Lye Blå Kors Speidarar.....	19
Økonomi og gjevarteneste .....	21
Statistikk for soknet .....	22

## Årsmelding for Time sokneråd

Time sokneråd har gleda av å representera eit levande og engasjert sokn som omfattar Lye, Time og Hognestad.

I Time sokn er det fleire tilsette som driv ulikt arbeid og tilbod for innbyggjarane i soknet. Samstundes er me velsigna med rause og engasjerte frivillige. Dette samarbeidet mellom tilsette og frivillige dannar grunnlag for både vekst, vedlikehald og utvikling av ulike tilbod i soknet vårt.

Styret som utgjer Time sokneråd år 2023-2027 er;

- Willy Finnbakk (nestleiar i 2025)
- Sverre Risa
- Trond Heskestad
- Jorunn Ueland
- Marianne Hauge (leiar i 2025)
- Martin Berge
- Harald Auestad
- Yngvar Nilsen (soknepresten har fast plass i soknerådet)

Soknerådet har vald følgande fokusområde for sin periode:

- Konfirmantarbeid
- Ungdomsarbeid
- Engasjerande trusliv for alle generasjonar

I 2025 hadde soknerådet 8 møter og handsama 92 saker.

Sakene Time sokneråd har brukt mest tid på i 2025:

### **Organisering og oppfølging av eige arbeid og ansvarsoppgåver:**

I 2025 vedtok soknerådet å legge ned Distriktsutvalet på Lye forsamlingshus.

Distriktsutvalet har over fleire år vore eit utval som har hjelpt soknerådet med oppfølging av arbeidet som drives av DNK på Lye.

Styret som utgjer Time sokneråd i perioden 2023-2027 består i all hovudsak av folk frå Lye. Det blei derfor bestemt å legge ned Distriktsutvalet, iallfall for denne perioden.

Soknerådet takkar for arbeidet Distriktsutvalet har utretta, hjelpt til med og gjennomført gjennom fleire år.

I forbindelse med avgjerda om å legge ned Distriktsutvalet måtte soknerådet utarbeide ein plan på korleis soknerådet best mogleg kan følge opp, støtte og vidareutvikla arbeidet som blir drive i soknet? Det blei då bestemt å laga eit årshjul over kva oppgåver og ansvarsområde som må følges opp. I årshjulet er det blitt lagt inn faste rutinar på å invitere tilsette og frivillige medarbeidarar til soknerådet. På denne måten håper soknerådet å få kunnskap og erfaringar om kva gleder og utfordringar som rører seg, og bli bevisst på kva soknerådet kan og bør hjelpe til med eller ta ansvar for.

Evaluering av gudstenestene er òg lagt inn som eit eige punkt i årshjulet.

### **Tilsette og frivillige medhjelparar som har vore på besøk i 2025:**

Barne og familiarbeidar Marianne Hauge

har snakka om gleder og utfordringar knytt til arbeidet med søndagsskule arbeidet på Lye forsamlingshus.

Liv Heidrun Heskestad har fortalt om gleder og utfordringar i Varden 10:13 arbeidet på Lye forsamlingshus.

Utfordringar soknerådet blir gjort merksame på i begge disse samtalene er i hovudsak behovet for og utfordringar med å få med seg frivillige medhjelparar.

### **Arrangement og samarbeid i 2025:**

- Jærdagsgudsteneste på Bryne torg
- 28.september: Kyrkjehistorisk salmekveld
- 23.oktober: Medarbeidarsamling for frivillige og tilsette i Time kyrkja
- Weekend Lye forsamlingshus
- Open kyrkje i forbindelse med Allehelgen
- Samarbeidsmøte med INN-kyrkja og husstyret på Lye forsamlingshus

### **Innspel til kommunens økonomiplan 2026-2029.**

Nokon av innspela soknerådet gav var:

- Morr må fjernast frå klokketårnet
- Rekkverket på galleriet bør hevast for å førebygge uønska hendingar som fall.
- Ønskeleg med fleire nattverdsbeger til Time kyrkja.

### **Stillingar:**

Soknerådet brukte i 2025 mykje tid på å tilsette ny ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus. Etter fleire utlysingar og fleire rundar med intervju landa valet til slutt på å tilsette Sigve Hansen i 30 % stilling som Ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus.

Soknerådet ønsker Sigve hjarteleg velkommen og ønsker han lykke til i den nye stillinga.

### **Uttale om høyring:**

Time sokneråd har i 2025 uttala seg i høyringar om:

- prostigrenser
- kyrkjevalet

### **Offerfordeling og misjonsprosjekt:**

Fordeling av kyrkjeoffer for år 2026 er blitt gjort av soknerådet.

### **«Kirka vår»**

«Kirka vår» er eit nytt digitalt planleggingsverktøy for Den norske kyrkja som alle sokn skal begynne å bruke. Her skal kyrkjelydane kunne leggja inn informasjon om aktivitetar, planer og statistikk. Det skal òg være eit hjelpemiddel som bidrar til å forenkle rapporteringar som skal og må gjerast. Time sokneråd har forsiktig begynt på den jobben det er å registrere alt inn i dette digitale verktøyet. Her får soknerådet god hjelp av dagleg leiar, Frode Skårland.

### **Statistikk for 2025**

- Konfirmert i soknet: 21 stk
- Kirkelige vigsler i soknet: 26 stk.
- Frivillige medarbeidarar: 125 stk
- Deltakarar søndagsskule Lye/Time: 162

### **Arbeid framover:**

Time sokneråd har framleis eit mål og ønske om at konfirmant- og ungdomsarbeidet blir meir implementert inn i kyrkjelyden generelt og inn i arbeidet vårt.

Samtidig er det framleis behov for å la det diakonale arbeidet, som er kyrkja si omsorgsteneste, kome tydeleg fram og vise igjen i arbeidet som drives både når det gjeld nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

### **Gudstenester og søndagsskule**

Time kyrkjelyd gjennomfører gudstenester kvar søndag. Den eine veka i Time kyrkje, den andre veka på Lye forsamlingshus. I 2025 vart det totalt avholdt 44 gudstenester.

I Time kyrkja er det søndagsskule på kyrkjetorget dei gongene det er gudstenester med dåp.

Gudstenester i Time kyrkja blir avslutta med felles kyrkjekaffi på kyrkjetorget.

På Lye er søndagsskulen organisert slik at barneforkynninga er ein del av sjølve gudstenesta. Etter barneforkynning, barnesongar og nattverd, går borna til leik og hobbyaktivitet medan gudstenesta held fram i hovudsalen.

Innimellom er det gudstenester der alle er samla heile gudstenesta. Då er det ekstra fokus på borna frå start til slutt. Barne- og familiearbeidar har vore aktivt med i arbeidet med å planlegge og gjennomføre desse gudstenestene.

Takk!

Dette var ei lita orientering om kva som rører seg i Time sokn av aktivitetar og kva saker Time sokneråd har jobba med i 2025.

Me vil òg nytta høve i årsmeldinga til å takke alle frivillige medarbeidarar! Og like viktig vil me takke deg som trufast møter opp på gudstenester og andre tilstellingar, deg som hugsar på arbeidet vårt i bøn og takk, deg som støttar opp om gjevartenesta og deg som snakkar varmt og raust med dei du møter på din veg. Saman er me alle, med våre ulike talent, eigenskapar og veremåtar med på den store oppgåva om å bringa evangeliet vidare. La oss i 2026 framleis stå saman om å skapa meir «Himmel på jord» ved å vera eit sokn som trur, bryr oss, opnar, deler og inviterer.

Beste ønske for 2026

*Marianne Hauge*

For Time sokneråd

## Årsmelding for kyrkjeleg undervisning og læring

(tidlegare trusopplæring) for barn og unge i Bryne, Time og Undheim

Planen for kyrkjeleg undervisning og læring er for alle døypte og interesserte i alle aldrar. Planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknand og skapande aktivitetar. Hovudfokus vil likevel vera born og unge 0-18 år.

Aktivitet og tilbod er orda som blir nytta om arbeidet. Det er mykje som sorterer under kyrkjeleg undervisning og læring, både kontinuerleg arbeid og tidsavgrensa arbeid. Det er det tidsavgrensa arbeidet som blir rapportert fortløpande, sjå tabellen nedafor. Det er også til dette arbeidet at dei overførte midla skal nyttast.

Det gode samarbeidet mellom sokna våre held fram, og det er fleire aktivitetar og tilbod som er felles for Bryne Time og Undheim kyrkjelydar. Kyrkjelydspedagogane samarbeider om det meste. Dette gir større fleksibilitet for familiane som nyttar seg av aktivitetane og tilboda, og det er gode tilbakemeldingar frå føresette på dette.

Mykje har vorte gjennomført som planlagt, til tross for sjukemeldingar.

### Oversikt over avgrensa aktivitet og tilbod:

Alder	Tiltak	Oppslutning <b>2025</b> (2024) i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: <b>36</b> (66) Time: <b>25</b> (23) Undheim: <b>6</b> (11)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong	Bryne: 15 av 92 = <b>16%</b> (22%) Time: <b>23</b> (0%) Undheim: <b>14</b> (0%)	Samling annankvar veke
1-3 år	Småbarnstrall	Bryne: 17 av 186 = <b>9%</b> (10%) Time: 16 av 93 = <b>17%</b> (11%) Undheim: <b>0</b> (0%)	4 samlingar, felles for sokna
2 år	Undretur	Bryne: 2 av 59 = <b>3%</b> (Avlyst) Time: 9 av 29 = <b>31%</b> (Avlyst) Undheim: 2 av 7 = <b>29%</b> (108%)	1 samling U: Hausttakkefest
3 år	Krøllekveld	Bryne: 6 av 71 = <b>8%</b> (9%) Time: 5 av 33 = <b>15%</b> (16%) Undheim: 4 av 13 = <b>31%</b> (44%)	1 samling

4 år	Fireårsklubb og Barnebibel	Bryne: 12 av 75 = <b>16%</b> (37%) Time: 12 av 38 = <b>32%</b> (30%) Undheim: 14 av 16 = <b>88%</b> (110%)	3 samlingar + gudsteneste
4-8 år, tidl. 5 år	Kor-Kickoff	Bryne: 62 av 382 = <b>16%</b> (12%) Time: 15 av 170 = <b>9%</b> (11%) Undheim: 3 av 57 = <b>5%</b> (0%)	Felles for sokna: 1 samling
5 år	Adventsklubb for 5-åringar	Bryne: 10 av 77 = <b>13%</b> (32%) Time: 8 av 27 = <b>30%</b> (46%) Undheim: 8 av 11 = <b>73%</b> (57%)	1 samling
7 år, 1. kl	Påskemysteriet for 1. klassingar	Bryne: <b>Avlyst</b> (20%) Time: 4 av 32 = <b>13%</b> (48%) Undheim: <b>Avlyst</b> (100%)	1 samling lørdag + gudsteneste
7 år, 2. kl	Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar	Bryne: 5 av 76 = <b>7%</b> (Avlyst) Time: 7 av 32 = <b>22%</b> (Avlyst) Undheim: 8 av 13 = <b>62%</b> (Avlyst)	Felles for sokna. 1 dagsamling (planleggingsdag for skulen)
8 år, 2. kl	Superheltsamling	Bryne: 16 av 79 = <b>20%</b> (15%) Time: 6 av 32 = <b>19%</b> (35%) Undheim: 8 av 10 = <b>80%</b> (33%)	1 samling
9 år, 3. kl	Tårnagenthelg for 3. klassingar	Bryne: 9 av 87 = <b>10%</b> (23%) Time: 17 av 42 = <b>40%</b> (37%) Undheim: 10 av 28 = <b>36%</b> (Ikkje i 2024)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman, annakvart år
10 år, 5. kl	Lys vaken, planlagt å ikkje gjennomføra i 2024	Planlagt å ikkje gjennomføra både 2024 og 2025	Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste
10-12 år, 5-8. kl	Tweens kick-off	Bryne: 67 av 276 = <b>24%</b> (17%) Time: 20 av 119 = <b>17%</b> (14%) Undheim: 5 av 44 = <b>11%</b> (17%)	Felles for sokna: 1 samling
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 101 av 117 = <b>86%</b> (80%) Time: 24 av 38 = <b>63%</b> (77%) Undheim: 14 av 19 = <b>74%</b> (67%)	Totalt 60 timar

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna: Søndagsskular, barnekor, TT-koret, anna tweensarbeid, foreningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet held fram. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på Ukuf og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

### **Stillingar innan kyrkjeleg undervisning og læring:**

Kyrkjeleg undervisning og læring har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka kyrkjeleg undervisning og læring med innsamla midlar, og difor er stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i kyrkjeleg undervisning og læring: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for kyrkjeleg undervisning og læring! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Guds signing over arbeidet vidare.

29.01.2025

*Ingfrid Time Nærland*

## **Årsmelding for diakoniarbeidet i Time**

**Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakonen, saman med frivillige medarbeidarar, er involvert. Det er ikkje eige diakoniutval i Time. Mykje av det diakonale arbeidet er også felles tiltak saman med Undheim og Bryne.**

**Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.**

### **Lokal plan for diakoni**

Det er utarbeidd ein lokal plan for diakoni. Denne ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Planen blir evaluert og oppdatert annakvart år. Planen vart oppdatert i 2024. Neste evaluering vert i 2026.

### **Diakonigruppa på Lye**

På Lye er det ei eiga diakonigruppe. Diakonigruppa består av Stein Magne Paulsen, Kristine Grødem, Lillian Hjørnevik og Tor Magne Fjetland. Konkrete tiltak som gruppa driv er mellom anna strikkekafe for damer, treff for menn og forbønsteneste.

### **Arbeid for eldre og besøksteneste**

Det er viktig med heimebesøk. Jubilarar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk med ei helsing frå kyrkjelyden. Desse besøka, og fleire andre besøk, blir utførte av både frivillige og tilsette.

Institusjonane i Time blir også jamleg besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her er det bebuarar frå heile Time. I tillegg til dette er alle i Time, i alderen +/- 60, inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden.

### **Sorgarbeid**

Laurdag før Allehelgensdag stod Time diakoniutval for arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då vart kyrkjetorget i Time kyrkje halde ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegarden. Inne i kyrkjesalen hadde me eit times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Ola og Heidi Strand Harboe. Det blei eit flott arrangement.

Andre sundagskvelden i januar vert det kvart år halde ei minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av diakonen. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Namna blir lesne opp og det blir tent lys. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Det vart eit flott arrangement. 198 møtte opp dette året.

Diakonen tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorgstøttegrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti.

Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Frivillige medarbeidarar er med som sorgstøttegruppeleiarar. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

Det blir arrangert sorggruppe for born i Bryne kyrkje.

Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

### **Arbeid for menneske med utviklingshemming**

Ein søndag i månaden er det «Søndagstreff» i Bryne kyrkje. Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Då er det først allsong, mat og drøs i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen. Ein god gjeng samlast her kvar gong. Grilling i Undheim kyrkje er ein fin sommaravslutning. Det var mange fleire som kom i år enn i fjor.

Tur til Stavanger for å delta på hausttakkefest i Domkyrkja. Ein gong i året reiser søndagstreff-gjengen for å vera med på hausttakkefest. Det var ei fin oppleving å vera i den nyoppussa domkyrkja. Lik i fjor vart maten servert ferdig pakka i ein pose i staden for på fat.

Mange opplevde at mingledelen vart borte då utdelinga av maten skjedde ved slutten av arrangementet ved utgangen. Mange ga tilbakemelding om at dei ønskjer ei annleis avslutning. Mange ga uttrykk for å ha sakna betre tid for mingling. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

Ein gong i året kjem elevane frå avdeling for kvardagslivstrening ved Bryne på påskebesøk i Bryne kyrkje. Diakonen fortel påskehistoria for dei, medan kyrkjemusikaren har ansvar for musikkdelen.

I påska 2024 kom tre puljar med elevar. Det var sju elevar i kvar pulje. Andakten blei halden puljevis. Arrangementet blei godt likt og fekk mange gode tilbakemeldingar. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

### **Arbeid for innvandrarak**

Som i fjor har innvandreretref/språkkaféen ein trufast gjeng som møter opp ein gong i veka. Målet med arbeidet er at menneske med innvandrarakgrunn får moglegheit til å øva på å snakke norsk, samt å gje dei eit fellesskap og moglegheit til å dela erfaringar med kvarandre. Målet er å byggja relasjonar. Lye har eit liknande tilbod for innvadrarak.

### **Fasteaksjonen**

Fasteaksjonen 2024 hadde temaet: Håp i ein dråpe vatn. Resultatet for heile Time var kr 190 494, medan det i Time sokn vart samla inn kr 69 181. Eit veldig bra resultat.

Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Time sokn i 2024.

- *Diakon Maria Praxedes U. Slettebø*

## Lye søndagsskule

### Årsmelding søndagsskulen Lye 2025

Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til! (Markus 10,14)

Lyefjell Søndagsskule blir i hovedsak organisert og styrt av Barne-og familiemedarbeider Marianne Hauge ilag med Anne Gunn Vassbø og Anna Bergitte Skårland som frivillige styredeltakere.

Lyefjell søndagsskule er fletta inn i Time sokn sine gudstenester på Lye forsamlingshus. Formidling av bibelhistorie til ungane gjennomføres som ein barneandakt i sjølve gudstenesta. I denne barneandakten benyttes ofte tips, ideer og opplegg fra søndagsskulen sitt "Sprell levende" materiell.

Etter barneandakten er det aktivitetsgrupper. Barn i alderen opp til og med 5.trinn tilbys hobbyaktivitet, frileik og bordtennis. Dei eldre ungane har tilbud om brettspel, bibelquis, konkurranser og litt søndagscafe kos i form av kakao, kjeks, popkorn o.l. Gudstenesta og søndagsskulen avsluttes med felles kyrkjekaffi.

I 2025 var det 21 gudstenester på Lye forsamlingshus der søndagsskulen deltok. Nokre av disse gudstenestene var av typen "Gudsteneste for store og små". Da har søndagsskulen ansvar for store deler av gudstenesta og heile gudstenesta er tilpassa barna sine tilstedeværelse og deltakelse. På disse gudstenestene er det ikkje aktivitetsgrupper og det er barneandakten som er dagens preik.

I 2025 har 47 ulike barn vore innom på samlingene våre. Totalt oppmøte iløpet av dei 21 samlingene har vore 232 barn. Søndagsskulen har 25 betalende medlemmer.

Me er takknemlig for alle frivillige medhjelparar, og gler oss til vidare arbeid i 2026.

- *Marianne Hauge*

## Årsmelding Time søndagsskule 2025

I Time kyrkje er det søndagsskule dei fleste sundagene det er ordinære dåpsgudstenester. Borna går til søndagsskule på kyrkjetorget etter dåpen. Der høyrer dei ei forteljing frå Bibelen, syng, leikar, får utdelt Barnas søndagsskuleblad og får klister i oppmøtekortet.

96 ulike barn har vore med på søndagsskulen i Time kyrkje i 2025 fordelt på 8 samlingar. I gjennomsnitt har det vora 13 born kvar gong.

Dei aller fleste borna som kjem høyrer med i dåpsfølga.

Time søndagsskule hadde 13 betalande medlemmer i 2025.

Desse har vore leiarar og medhjelparar i 2025:

- Ane Finnbakk Susort
- Mathilde Stokka Andersen
- Turid Grønstad Haugland
- Anne Gunn Vassbø
- Anna Bergitte Skårland
- Ola Halvorseth Norheim

- Anna Bergitte Skårland

## Varden

Varden hadde samlingar annankvar fredag i 2025, utanom i skuleferiane. Det veksla mellom møte og nattcafé annankvar gong.

Det varierer kor mange som er til stades i løpet av ein kveld. Det pleier å vera mest folk utpå kvelden når det er tid for aktivitetar, kiosk og mat. Gutar er i fleirtal, og det er mange av dei som kjem som ikkje har foreldre som går på Forsamlingshuset. Ein god del kjem frå andre stader enn Lye. 30 ungdommar var betalande medlem.

Ole Hauge og Martin Berge gjorde jobben som ungdomsarbeidarar på våren. På Hausten var Ole Hauge åleine om ansvaret fram til Sigve Hansen blei tilsett i oktober 2025 som ungdomsarbeidar i 30% stilling. Oda Vik har òg arbeidsoppgåver knytt til Varden, men i 2025 hadde ho permisjon det meste av året. Steinar Knutsvik har vore fast på samlingane som vaksen medhjelpar. Det er me veldig takksame for.

Det er eit ønske om å få inn fleire vaksne som kan vera med i miljøet, og som kan hjelpa til med praktiske oppgåver i løpet av kvelden. Dei vaksne kan sjølv velja kor mange gonger dei vil vera med og hjelpa til i løpet av semesteret.

Varden har som mål å vera ein stad der ungdommar har ein trygg plass å vera og der dei får bli meir kjende med Jesus.

Det er ein god gjeng med ungdommar som er med i styret. Dei er med og tek ansvar for program og praktiske oppgåver.

Desse var i styret:

Adrian Vassbø

Benjamin Skjerve

Caroline Storfjord  
Håkon Berge  
Sigurd Harbakk  
Silas Sandsmark  
Sondre Vassbø

Til saman fekk Varden 20286 kr i støtte. Varden gjekk med eit underskot på 3078,49 kr i 2025, hadde 34 591 kr i inntekter og 37 669,29 i utgifter. Lønnsutgifter er ikkje med i dette rekneskapet.

- *Frode Skårland*

## Varden 10/13

Årsmelding 2025 Varden 10/13

Varden 10/13 er eit trusopplæringstilbod til born i alderen 10 til 13 år. Borna kan bli medlemmer ved skulestart i 5. klasse og avsluttar ved utgangen av 7. klasse.

Arrangementet varer frå kl 1415 til 1545, annankvar onsdag.

Våren 2025 hadde vi 10 samlingar og hausten 2025 hadde vi 9 samlingar. Stort sett kjem det ca. 15 deltakarar.

Programmet er som følgjer:

Når dei kjem får dei først mat. Borna vert servert rundstykke med diverse pålegg. Etter maten har vi ein kort andakt på ca 5 minutt. Den vert halden av ein av leiarane, og nokre gonger køyrer vi en videoandakt.

Tida mellom andakten og ca 1530 har ulike aktivitetar.

- Lekser
- Bordtennis
- Fotballspel
- Brettspel
- Formgivingaktivitetar
- Uttrilling av rundstykke, til neste samling

Siste delen av samlinga er ein aktivitet som samlar alle. Det kan vere ein konkurranse, «Grip mikrofonen» el.l. Vi avsluttar med å stå i ring og be ei samlingsbøn.

Varden 10.13 blir i stor grad drivne av frivillige. Ved utgangen av 2025 var vi 6 frivillige. Tilsett ungdomsleiar er med på samlingane og tek seg av det administrative. Fram til november var det berre drive av frivillige med oppfølging av tilsette då ungdomsleiar var i permisjon. Sjølv om vi er godt bemanna skulle vi gjerne hatt nokon fleire som kunne vore

"ringjevikarar". Målet er at det skal vere mogleg for dei frivillige å vere borte ein gong i blant. Vi håpar å få dette på plass i byrjinga av 2026.

Vi gler oss til fleire samlinger med Varden 10/13 i 2026!

- *Oda Vik Straume*

## Årsmelding Lye Barnegospel

I 2025 fekk Lye barnegospel nye leiarar. Anne Karen Oftedal tok over som dirigent, og Borghild Kristine Stava spelte piano. Malene Hauge og Herborg Håland var med vidare som ungdomsleiarar.

På våren var det øvingar kvar onsdag. På hausten blei dette redusert til annakvar onsdag. Øvingstida var frå 17.15 til 18.00. Under ei øving er det song, ein kort andakt der det har blitt lese frå barnebibelen, og ein leik.

Det var til saman 32 samlingar og 15 medlem.

Koret var med og song på basar, på «Me syng jula inn» og på den første julegudstenesta i Time.

- *Frode Skårland*

## Årsmelding 2025 TT-koret

TT-koret er eit kor for tweens og teens i Bryne, Time og Undheim sokn. Me øver annakvar torsdag i Bryne kyrkje, noko me også gjorde i 2025. I tillegg til øvingane har me hatt fleire kjekke opptredenar.

Ved årsskiftet har me no 18 medlemmer frå 5.-9. klasse. Det vart litt utskifting etter sommarferien, men medlemstalet held seg nokså stabilt.

### **Opptredenar i 2025:**

Gudsteneste i Bryne kyrkje, tweens-kickoff i Bryne kyrkje og julekonsert i Time kyrkje.

TT-koret er ein veldig kjekk gjeng, og det er eit godt og inkluderande miljø i koret. Målet er at alle skal kjenne seg velkomne og at alle skal oppleve meistring og glede. Det er også veldig viktig for oss at medlemmene skal få bli kjend med Jesus gjennom andaktar og ikkje minst gjennom songtekstane me brukar.

- *Ragnhild Hanssen*

## Troens menn

Troens menn og Troens menn - ung

Sokneprest Yngvar Nilsen leiar mannsarbeidet Troens Menn med økonomisk støtte frå Kristelig studieforbund (K-stud). Troens menn er både eit kurs i disippeltrening og ei leiartrening for menn. Målet er å gje styrkje til trua og utrustning til teneste for Gud. Konseptet handlar om å samle nokre menn i mannsgrupper til laurdagssamlingar, 3. kvar laurdag.

I gruppa går deltakarane gjennom bøkene:

- 1 – Tid med Gud
- 2 – Ekteskap og barn
- 3 – Pengar, sex, yrkesliv, prøvingar og korleis utgjere ein forskjell.

Begge gruppene, kvar på fem deltakarar, fullførde kurset. Den første gruppa hadde si siste samling, 28. september 2024. Den andre gruppa fullførde 15. februar 2025.

Nytt av året 2025 var oppstarten av Troens menn – ung.

Fire deltakarar i alderen 21-23 år var saman heime hjå presten til frokostsamlingar. Til saman var det ni studiesamlingar frå perioden 18. januar til 9. juni 2025.

- *Yngvar Nilsen*

## Årsmelding strikkekafé

Strikkekaféen på Lye forsamlingshus hadde 6 treff i 2025. Mellom 10 og 20 damer, yngre og litt eldre møter opp. Nokre ofte, andre ein gong i blant.

Oppskrifta på strikkekafeen med litt mat og ei lita utlodding er framleis den me brukar. Praten går lett rundt borda og stemninga er god. Stadig er det nye ansikt som dukkar opp.

Det verkar som om strikkekafeen på Lye er godt kjent, og at veldig mange har vært og er innom når det passar. Planlegging og førebuing føregår som før i eit hovud, men alltid er det god hjelp til rydding og oppvask! Det blir satt stor pris på!

Økonomisk sviv det godt rundt, og tilbakemeldingane samt oppmøte gjer det lett å fortsetta med strikkekafeen på Lye.

- *Lillian Hjørnevik*



## Årsmelding – Felles Mannskveld

Felles mannskveld på Lye forsamlingshus er et arbeid som ønsker å samle menn på tvers av menighetstilhørighet. Målet er å inspirere til disippelskap i hverdagen og oppmuntre menn til å engasjere seg i mindre bibelgrupper og fellesskap. Samlingene skal være et sted der tro, fellesskap og samtale får rom, og der menn på Lye kan møtes på tvers av bakgrunn og kirketilknytning.

2025 har vært et år preget av gode møter, meningsfulle samtaler og styrket fellesskap. Selv om aktiviteten er enkel og drives på dugnad, har responsen vært positiv. Arbeidet har blitt et møtepunkt for menn på Lye, og vi opplever at samlingene bidrar til å bygge broer mellom ulike menigheter og fellesskap. Vi ser med takknemlighet på året som har gått, og med forventning på det som ligger foran.

I løpet av 2025 ble det arrangert to samlinger:

### Januar-samlingen:

- Taler: Thomas Pedersen, Bryne Misjonskirke
- Tema: "Hvordan Gud kan bruke det ordinære til å gjøre det ekstraordinære" (Nehemjas bok)
- Oppmøte: ca. 30–35 deltakere
- Samlingen inspirerte til refleksjon rundt hvordan Gud virker i hverdagslivet.

### August-samlingen:

- Taler: Arne Heggheim
- Tema: "Tanker og samtale om kropp og kjønn"
- Oppmøte: ca. 25 deltakere
- Temaet åpnet for gode samtaler og et trygt rom for refleksjon rundt viktige spørsmål.

Begge samlingene hadde fokus på fellesskap. Det ble lagt til rette for samtaler rundt bordene, og mange uttrykte at de satte pris på både innholdet og det sosiale. Tilbakemeldingene viser at Felles mannskveld oppleves som et positivt og viktig tiltak for samholdet blant menn på Lye.

Arbeidet har ingen formell medlemsliste, men samlingene samler jevnlig 20–35 menn fra ulike menigheter på Lye og omegn. Alt arbeid skjer på dugnad. En av bibelgruppene har stått for rigging, rydding og enkel servering. Samlingene planlegges og ledes av en liten komité med representanter fra INN-kirka og Den norske kirke på Lye forsamlingshus.

Felles mannskveld har ikke eget budsjett og drives uten faste kostnader. Eventuelle utgifter dekkes gjennom frivillig innsats og enkel servering organisert av bibelgruppen som står bak arrangementene. Arbeidet vurderes som bærekraftig slik det drives i dag.

For kommende år ønsker vi å:

- Fortsette med 2 samlinger i året
- Invitere talere som kan inspirere til disippelskap og hverdagsnær tro
- Videreutvikle fellesskapet og styrke relasjonene mellom menn på tvers av menigheter
- Oppmuntre flere til å delta i bibelgrupper og mindre fellesskap

Vi ønsker å takke alle som har deltatt, bidratt og støttet arbeidet gjennom året. Vi ser frem til et nytt år med nye muligheter for fellesskap, tro og vekst.

- *Tor Willy Byberg*

## Fredagskveld på Kyrkjetorget

I 2025 har Fredagskveld på Kyrkjetorget har hatt fire samlinger.

### **24. januar**

**Kveldens gjester: Dei nye folka i Klokkarbustaden**, Ingrid Fiskaa og Olav Martin Bråtveit.

Kveldens overrasking, medelevar av Ingrid frå tida på Lundehaugen vidaregåande skule, musikklinja, hadde eit flott 3-stemt songinnslag. Dette var uventa for Ingrid. Olav viste arbeidsteikningar ang restaurering og utbygging av Klokkarbustaden. Det var fullt på Kyrkjetorget denne kvelden.

### **28. mars**

**Kveldens gjest: Rolf Heskestad**

Mannen som kan det meste om ost. Om oppvekst som byasgut frå Stavanger, feriar på Heskestad der nærkontakt med dyr og gardsdrift var eit naturleg innslag.

Kveldens muskar: Torvald Tjåland, saksofon. Nydeleg.

### **29. august**

**Kveldens gjest: Karen Time**

Allmennlege, gynekolog, muskar som handterer både cello, piano og hardingfele. Me fekk del i eit innhaldsrikt liv, med sterke bånd til oppvekst og profilerte foreldre. 4-hendig pianomusikk, Lillian Hjørnevik og Oddny U.

### **14. november**

**Kveldens gjest: Ola Risa**

Ola Risa fortalde om oppvekst og skule i Vestlykrinsen og gymnastid på Bryne. Seinare studiar i Bergen og arbeid fleire stader, lengst på Møre. Har 3 m-ar som motto: Matematikk, mosjon og misjon.

Talet på frammøte har lege mellom 35-55.

Det er kjekt å koma saman på ein fredagskveld der me kan eta og snakka i lag. Ikkje alltid lett å finna «kveldens gjest». Men me tek utfordringa og går vidare inn i 2026.

Fredagskveldkomiteen:

Vigdis Lervik Hareland, Tore Norheim og Oddny Underhaug

## Årsmelding puslespeltreff 2025

Puslespeltreff på Lye forsamlingshus er eit nytt lågterskeltilbod i regi av KFUK-KFUM som starta opp mai 2025. I løpet av året har det vore seks samlingar med til saman rundt 30 deltakara. Nokre deltar heile kvelden, medan andre kjem innom for kortare periodar. Hovudvekta av deltakarane har vore unge vaksne med varierende tilknytning til huset elles.

## Årsmelding for Lye Blå Kors Speidarar

### Styret og leiarar:

Styret i Lye Blå Kors Speidarar har i 2025 bestått av:

- Leiar: Trygve Netland
- Sekretær: Maria Netland
- Rekneskap: Hildegunn Undheim
- Styremedlem: Harald Auestad
- Styremedlem: Aslaug Neufend
- Speiderrepresentant: Håkon Berge

Det har vore 1 styremøte, og det er blitt behandla 8 saker. Me hadde ingen leiarmøte i år. Årsmøte blei halde 4. mars. Her var det val til styret, budsjett og rekneskap som var på dagsordenen. Det blei servert pizza og brus. Speidarane kom og med forslag på kva dei vil gjere på møter framover

I tillegg til styret har desse vore med som leiarar:

- Jon Fosse
- Ernst-Andre Undheim
- Bent Flattum
- Silje Hegelstad Undheim

- Olav Andreas Sæther
- Anne Gunn Vassbø

### Aktiviteter og overnattingsturer

Det har vært et år med litt mer ro enn ellers for speiderne på Lye. Me valte å ikkje reise på leir sommaren 2025.

Maria og Trygve Netland representerte Lye, og reiste på korpstinget i Kristiansand i april.

I september arrangerte Blå Kors Bryne tidgiverfest for alle frivillige. Her deltok fleire av leiarane og styremedlemmer frå speidaren.

14.september deltok me på Norgemarsjen (tidlegare Sørmarsjen) på Bryne. Der kunne dei som ville gå en tur og registrere seg. For kvar person som registrerte seg for Lye Speidarane fekk me ein sum med penger. Me stod også på torget og solgte kake og kaffe. I tillegg kunne folk få lage tennbriketter. Me fekk inn 5684 kr denne dagen.

6 stk av dei eldste reiste saman med 3 leiarar( Maria, Trygve og Anne Gunn) til Kolltveit på helgetur i oktober . Her var det korpssamling for Blå Kors Speidere. Me kørde opp til Kolltveit og tok «Danskebåten», Fjordline ned igjen til Stavanger. Me hadde litt tid på søndagen, og tok ein tur med Fløybanen og på Bryggen i Bergen.

Året blei avslutta med felles juleavslutning for heile speidergruppa. På grunn av dårleg ver blei det halde i Forsamlingshuset på Lye.

- *Trygve Netland*



Figur 1: Fløybanen 2025

## Økonomi og gjevarteneste

Det er ikkje mange organisasjonar som har ein gjevarkultur som kristne har. Time sokn har mange gjevarar som gjer trufast til barne- og ungdomsarbeid, trusopplæring og til arbeidet generelt. Tusen takk for gåvene de gjer! Dei er viktige for å halda arbeidet oppe på det nivået me ønsker!

Gåvene som kjem inn er med på å finansiera kyrkjeleg undervisning og læring (det som tidlegare blei kalla «trusopplæring»), barnearbeid i gudstenester og i veka, korarbeid og ungdomsarbeid. Dette ønsker me å satsa på. Samtidig som økonomisk støtte er viktig for mykje av dette arbeidet, så er me òg avhengige av frivillig innsats. Takk til dykk som nyttar av dykkar tid for å støtta opp om arbeidet!

Det kom inn 414 750 i fast gjevarteneste i 2025, omtrent 7 000 kr meir enn i 2024. Denne gjevartenesta er veldig stabil. Dei same gjevarane gjer stort sett dei same summane.

I offer kom det inn 77 025 kr til kyrkjelydsarbeidet, og 307 072 kr til eksterne mottakarar. Til saman blir dette 384097 kr. Dette er om lag 17 000 kroner meir enn i 2024.



Samla innskot i banken for Time sokn var på 2 492 562 den 31.12.25, som er om lag 85 000 kr meir enn i 2024.

(Rekneskapen er ennå ikkje revidert, så det kan komma forandringar i tala.)

Det er lønsutgifter som er den største kostnaden til soknet. Sidan det var sjukemeldingar, permisjon og vakanse i dei stillingane soknet er ansvarlege for, fekk soknet tilbakebetalt 198 740 kr frå overskot i innbetalte lønnskostnader. Dette førte til eit godt netto driftsresultat på 229 700 kr.

Me oppfordrar alle til å vera med i tenesta som faste gjevarar!

## Statistikk for soknet



## Medlemsutvikling

År	Antal medlem	Antal befolkning
2018	2 606	3 398
2019	2 584	3 414
2020	2 579	3 399
2021	2 572	3 413
2022	2 587	3 462
2023	2 562	3 470
2024	2 530	3 483
2025	2 535	Ukjent

---

*leiar for soknerådet*  
*Sverre Risa*

---

*dagleg leiar*  
*Frode Skårland*